

Midlertidige retningslinjer for smitteverntiltak og hygiene ved reiseliv, som utleige- og overnattingsverksemd og off. toalett m.m. i Stranda kommune ved Covid-19

Med bakgrunn i situasjonen med erklært Covid-19/coronapandemi i landet, for å avgrense smittespreiinga og ivareta gode hygiene og vel fungerande smitteverntiltak i samband med turisme og reiseverksemd m.m. har smittevernlegen/kommuneoverlegen i Stranda kommune i påvente m.a av Bransjestandard for reiseliv og Camping, utarbeidd følgjande midlertidige retningslinjer med bakgrunn i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar (smittevernlova) § 4-1 første ledd bokstav b), jf. femte ledd.

➤ **1 Formål**

Formål med dei midlertidige retningslinjene er å førebygge og avgrense smittespreiing og sikre god hygiene ved Covid-19

➤ **2 Virkeområde**

Dei midlertidige retningslinjene gjeld aktuelle verksemdar innanfor Stranda kommune sine grenser.

➤ **3 Opplysningsplikt**

Verksemda skal på relevante språk og på godt synleg stad henge opp opplysningsmateriell om pågåande Covid-19 pandemi. Relevante informasjonar, materiell og plakatar kan m.a. skrivast ut frå Folkehelseinstituttet (FHI) si heimeside (fhi.no) og/eller frå kommuna si heimeside.

➤ **4 Registrering**

Alle som driv utleigeverksemd skal kvalitetssikre at det blir ført tilfredsstillande skriftleg oversikt over leigetakers namn, heimstadsadresse, telefonnummer og evt. mail-adresse som personen (ar) kan nåast over, referanse til bueininga (nummer el namn) og tal bebuarar. Oversikta er for verksemda sitt eige formål men kan ved vektige smitteverngrunnar gjerast tilgjengeleg for kommunen og andre off. myndigheiter.

➤ **5 Reingjering, desinfeksjon og avfallshandtering**

I tillegg til alminnelege smittevernråd (info frå FHI skal følgjast og slåast opp) og framsetting av handdesinfeksjonsmidlar, gjeld følgjande:

Alle utleigeverksemdar samt ansvarlege for sanitæranlegg og offentleg toalett ope for publikum skal så snart mogeleg gjennomgå internkontrollsystem, reglar for tilsyn og oppdatere reinhaldsinstruks og gode rutinar for forsvarleg reinhald og avfallshandtering. Det må kvalitetssikrast at oppsamlingseiningar for søppel ikkje blir over-fylde og at avfall blir bortskaffa regelmessig og ved behov.

Godt reinhald vil m.a kunne medføre hyppigare rutinemessig reinhald med desinfeksjon av særleg smitteutsette gjenstandar og områder.

Kommuneoverlegen ber om grundig vask og naudsynte desinfeksjonstiltak ved utsjekk frå bueiningar, rom og leilegheiter eller hytter for utleige.

Service, bestikk og kjøkenreiskap samt aktuelle tekstilar skal fortrinnsvis vaskast i maskin.

Viss vask av kjøkenreiskap i kum; etterbehandling i vatn med høg temperatur og lufttørking.

Felles private og/eller offentlege sanitæranlegg ope for vanleg publikum og/eller faste gjestar skal, kontrollerast, reingjerast og desinfiserast så ofte som naudsynt og i samsvar med

internkontrollsystemet og rettleiaren nedanfor. Dette vil for offentlege toalett og toalett på større campingplassar og liknande tilsei ein reingjeringsfrekvens på 3 gonger dagleg + eventuelt ved større belastningar

Det blir vist til Folkehelseinstituttets rettleiar

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/rengjoring-og-desinfeksjon-ved-covid-19-til-sektorer-utenfor-helsetjenesten/>

➤ Sjå viktig merknad om desinfeksjon og bruk av klor nedanfor

➤ **5 Økonomisk ansvar**

Stranda kommune tek ikkje på seg økonomisk ansvar som følgje av denne rettleiaren utover ansvar for eigne objekt

➤ **6 Midlertidige retningslinjer trer i kraft**

Frå 01.05.2020

➤ **7 Midlertidige retningslinjer gjeld til**

Eventuelle revisjon eller behovet for dei ikkje lenger gjeld.

Kommuneoverlegen sine kommentarar til FHI-rettleiar :

«Rengjoring og desinfeksjon ved Covid-19 til sektorar utanfor helsetjenesten»:

*Som **desinfeksjonsmiddel** er flytande alkohol, -spray eller våtserviettar å anbefale. På store flater, i sanitæranlegg og toalettanlegg er vask til døme med klorvatn eit effektivt alternativ. Klor i den styrke FHI-rettleiaren føreskriv er svært effektivt ovanfor virus. Men **OBS!** Ved uhell eller brukt feil – kan klor virke irriterande og etsande på hud og slimhinner, bleike/misfarge tøy og gi fargeforandring eller korrosjon av metall (eks. aluminium). Klor blanda med andre vaskemiddel framom alt syre eller salmiakk, kan utvikle giftig gass, og må absolutt unngås. God lufting. Bruk hanskar, event. anna verneutstyr*

Bakgrunn for dei midlertidige retningslinjene

Stranda kommune, til likes med resten av landet, er i kriseberedskap for å hindre spreiding av Covid-19 (koronavirus). Kommuneoverlegen i Stranda kommune med kriseleiinga vurderar løypande all aktivitet og verksemder der det kan vere nødvendig å sette inn tiltak for å motverke overføring av koronaviruset samt redusere konsekvensane av smitte.

Pandemien er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg sjukdom som kan ha store helsekonsekvensar for mange menneske.

Landet har til for kort tid sidan vore på det næraste «nedstengt». Ved oppheving av hytteforbudet og fjerning av i innanlands reiserestriksjonar har vi - tross helsedirektoratets no etterkvart litt gamle råd om å unngå unødvendige fritidsreiser - merka auka reiseverksemd og søkning til ettertrakta turistdestinasjonar av lokale og nasjonale tilreisande. Myndighetene har gått så langt å anbefale Norge som reisemål for nordmenn denne sommaren.

Viss ikkje smittebildet endrar seg negativt, vil difor denne trenden auke og føre til auka etterspørsel etter overnattingskapasitet frå campingplassar, hytte- og leileghetsutleige, andre herberger og hotell. Så det hastar svært å sette ein smittevernmessig og hygienisk god standard.

Kommuneoverlegen meiner derfor at det i påvente av bransjestandarder for reiseliv og camping m.m. og etter ei samla vurdering er behov for midlertidige lokale retningslinjer med regulering og kvalitetskrav slik at ein gradvis og i mest mogeleg kontrollerte former forsiktig kan gjenopne næringar for innanlands reisande på ein mest muleg forsvarleg måte ut frå smittevernomsyn. Jfr. punkt e) nedanfor

Rettslege tilhøve

Av smittevernlova § 4-1 førsteledd går det fram:

«Når det er nødvendig for å forebygge en allmenfarlig smittsom sykdom eller for å motvirke at den blir overført, kan kommunestyret vedta

a) forbud mot møter og sammenkomster eller påbud om andre begrensninger i den sosiale omgangen overalt der mennesker er samlet,

b) stenging av virksomheter som samler flere mennesker, f.eks. barnehager, skoler, svømmehaller, flyplasser, butikker, hoteller eller andre bedrifter og arbeidsplasser –eller begrensninger i aktiviteter der,

c) stans eller begrensninger i kommunikasjoner,

d) isolering av personer i geografisk avgrensede områder eller andre begrensninger i deres bevegelsesfrihet i opptil sju dager om gangen,

e) pålegg til private eller offentlige om rengjøring, desinfeksjon eller destruksjon av gjenstander eller lokaler. Pålegget kan også gå ut på avliving av selskapsdyr, utrydding av rotter og andre skadedyr, avlusing eller annen smittesanering.»

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 går fram av smittevernlova § 1-5 der går fram:

«Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder. Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep.»

Vurderingar

Dei medisinsk faglege og smittevernfaglege alvorlege utfordringane og bakteppet frå corona-pandemien vitast vel kjende ut frå tilhøva i landet her og i verda sidan medio mars 2020, frå andre saksutgreiingar og lokale forskrifter og frå gjennomgangen ovanfor

Å utarbeide midlertidige lokale retningslinjer er gjort etter følgjande vurdering og grunngjeving:

Etter smittevernlova § 4-1 bokstav e) kan kommunen vedta *pålegg til private eller offentlige om rengjøring, desinfeksjon eller destruksjon av gjenstander eller lokaler* hos verksemder som samlar fleire menneske når det er nødvendig for å forebygge ein allmennfarleg smittsam sjukdom.

Av ulike grunnar og ut frå ei samla vurdering ønskjer vi – så sant mogleg - å unngå å gi pålegg på det noverande tidspunkt då vi har stor tillit til ansvarlege eigarar og drivarar om at dei er sitt ansvar fullt bevisst. Dei er også vel vitande om at dersom smitte kan førast attende til og skuldast sviktande smittevernrutinar, vil det kunne ha sær s alvorlege konsekvensar for verksemda deira.

Kommunen har ikkje hatt formalisert medverknadsmøte på dette punktet til no men har over tid hatt dialog med mange av dei næringsdrivande i campingbransjen i samband med midlertidig forskrift av 20.04.2020 om stenging av felles sanitæranlegg på campingplassar til 04.05.2020 og har fått innspel og spørsmål frå enkeltverksemder. Det kom m.a fram følgjande:

- Det har vore aukande dagsaktivitet på campingplassane siste tida, og det kom sterkt stigande aktivitet då det nasjonale «hytteforbodet» blei oppheva 20.april.
- Dei fleste campingplassane var då positive til å halde felles sanitæranlegg stengt ei periode framover.
- Nokon i næringa var skeptiske til å stenge felles sanitæranlegg då ein var usikre på om det kan medføre dårlegare hygiene generelt.
- Det er mange gjestar som også er opptatt av god hygiene og smittereduserande tiltak
- Tømerom for portable toalett må haldast opne og det må vere god tilgang til reint vatn.
- Det er behov for klare retningslinjer for reinhald og smitteverntiltak både på campingplassar og andre som driv utleige av hytter og alle slags leilighetsutleige
- Ein er opptatt av at lokale tiltak skal vere minst mogleg inngripande i høve til næringslivet sine behov for aktivitet og inntektsmoglegheiter

Kommunen har hatt spørsmål og kritiske merknadar frå vanlege forretningar som melder at reisande i sterkt auka omfang må nytte deira toalett. Så å få opna ordinære felles toalettanlegg privat og offentleg tvingar seg fram, når landet ikkje lenger skal vere «stengt ned».

Utarbeidinga av dei lokale midlertidige retningslinjene er derfor gjort med følgjande grunngjeving:

Pandemien er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg sjukdom som kan få store helsekonsekvensar for mange menneske.

I den noverande situasjonen der det på dette området enno ikkje er komne viktige rettleiarar , som til dømes bransjestandard for reiseliv og camping m.m, er det kommuneoverlegen si vurdering at dette er eit naudsynt lokalt tiltak i ei kommune med stor reiselivsaktivitet for å forebygge og motvirke overføring av koronavirus til og blant befolkninga. Å følgje retningslinjene er nødvendig tiltak for å kvalitetssikre god hygiene og forsvarleg smittevern. Innhaldet i retningslinjene er forholdsmessige og vurderast å vere tenlege ut frå ei heilskapsvurdering. Vidare vurderer ein i den noverande situasjonen at den samfunnsmessige nytten ved tiltaket klart overstig belastninga og ulempene for dei tiltaket rettar seg mot.

Stranda 30.04.2020

Arne Gotteberg

Kommuneoverlege